



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

24/1281-

17. juni 2024

Svar på spørsmål nr 2260 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

Kan samferdselsministeren vise til statistikk som syner om el bilar er meir utsatt for ulykker i trafikken enn bilar med forbrenningsmotor, og då med tanke på vekt og dei store berøringskjermane?

Svar:

Omtrent 25 pst. av personbilparken i Noreg er el-bilar. I dødsulukkene er el-bilar derimot mindre representert. Tabellen visar tal fra Statens vegvesen sin database for dødsulukker. Statens vegvesen har tatt ut alder og drivstoff på de person/varebilane som har utløyst dødsulukkene dei siste åra.

	Alder kjt		Ant. med ulik drivstoff				
	gj.snitt	median	Bensin	Diesel	El	Hybrid bensin	Hybrid diesel
2017	10	9	32	29	1	1	
2018	11	11	28	34	0	2	
2019	11	11	27	28	3	1	1
2020	10	10	21	30	4	2	
2021	11	10	9	30	1	3	
2022	10	9	21	25	3	6	
Sum			138	176	12	15	1


Som tabellen visar er det kun 12 el-bilar som har utløyst dødsulukker i perioden 2017-2022, mens det i same periode har vore 138 bensinbilar og 176 dieslbilar som har utløyst ulukkene. Noko av grunnen til dette, er at eit gjennomsnittleg køyretøy som har utløyst ei dødsulukke i Noreg er ca. 10 år gammal. Det er altså mange eldre bilar i ulukkene og få

nyare bilar. El-bilar var i starten også ein typisk bil nr. 2 i ein familie og ble derav køyrt mykje mindre enn «hovedbilen». Dette ser vi nå ein endring i og mange familiar har nå kun el-bilar.

Eit anna moment er kva for slags førarar som er dei mest risikoutsatte og kva for slags køyretøy dei køyrer. Vi veit at aldersgruppa 18-24 år er av dei som har høgast risiko, og spesielt menn. Denne kategorien køyrer oftast bilar med fossilt brensel og gjerne ein bil som er nokre år gammal.

Sjølv om el-bilar er underrepresentert i dødsulukker per nå, vil dette sjå annleis ut om nokre år. Ca. 90 pst. av salet av nye bilar i dag er el-bilar og på sikt vil el-bilar dominere på vegnettet. Statens vegvesen følgjer med på utviklinga og driv med ulik forskningsaktivitet på korleis dei ulike førerstøttesystema påvirkar trafikktryggleiken, her også bruk av skjermar og distraksjon. Som kjend er det store skjermar i alle nye bilar, også fossile. Statens vegvesen har også gåande ein brei kampanje om distraksjon og bilkøyring.

Med hilsen

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Jon-Ivar Nygård". The signature is written in a cursive, somewhat stylized script.

Jon-Ivar Nygård